



Møte i fylkesberedskapsrådet fredag 20. november

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, Vest politidistrikt, Sør-Vest politidistrikt, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen hamn, Bergen brannvesen, Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, sivilforsvaret, NVE, BKK, SFE, Mattilsynet, Kartverket, NHO, Bufetat, Meteorologisk institutt, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV, Redningsselskapet, Røde kors Hordaland, Røde kors Sogn og Fjordane, NRK, UDI, HV-09, HV-11, Avinor, Bane NOR og Statens vegvesen

1. Opning

Fylkesmann Lars Sponheim ønskte velkommen til møtet. Grunna smittesituasjonen i fylket vurderte Fylkesmannen det nødvendig å gjennomføre eit møte i fylkesberedskapsrådet, der vi kan få ei felles oppdatering av status i fylket og dele tankar på tvers.

2. Orientering om pandemisituasjonen i fylket

Helsesituasjonen v/ass. fylkeslege Sjur Lehman

Det er Oslo, Viken og Vestland som er områda i Noreg med høgast smittetrykk. Det ser ut som smittetrykket er på veg ned i Bergen, men det vil være eit etterslep.

Det er ingen ting som tilseier at spesialisthelsetenesta ikkje klarer å handtere situasjonen no.

Det er gjennomført ein nasjonal kartlegging av konsekvensar av pandemien for offentlege tenester. Den viser at sjølv om handteringen av smittesituasjonen i hovudsak er underkontroll, så har tiltaka store konsekvensar for sårbare grupper. Ein stor del rapporterer eit redusert tenestetilbod og redusert helse. Undersøkinga tyder på at halvparten har fått redusert livskvalitet.

Per i dag er det tre vaksinar som er inne i ein rullerande godkjenningsprosess hjå det europeiske legemiddelverket (EMA). Godkjenninga vil kome når dei har nok data. Det som er viktig for oss når ein vaksine er klar, er å få avklart prioritering av kven som skal få vaksine (dette vert gjort på nasjonalt nivå) og å få på plass logistikken knytt til distribusjon av vaksinane.

Logistikken går både på det å fysisk få vaksinane ut der dei skal settast, men òg å få på plass IKT-løysingar som sikrar til dømes at dei som har fått ein dose med vaksine får ein til dose av den same vaksinen. Av dei vaksinane vi har kjennskap til i dag vil det vere ulike logistikk behov. Oppfølging av kva vaksinane som vert tilgjengeleg, fordelinga og korleis ein skal løye logistikken er blant oppgåvane som Folkehelseinstituttet (FHI) arbeider med.

Det er vanskeleg å seie noko nøyaktig om framdrifta no, men vonleg blir ein vaksine godkjent i EU i desember, eventuelt avgrensa til særskilte grupper. EMA skal 11. desember ha eit offentleg møte kor dei vil gjere greie for status for prosessen knytt til utvikling og autorisering av covid-19-vaksine i Europa. For å lese meir om dette møte sjå her: <https://www.ema.europa.eu/en/events/public-stakeholder-meeting-development-authorisation-safe-effective-covid-19-vaccines-eu>



Orientering om arbeidet med den samordna handteringa av pandemien i fylket v/fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand

Fylkesmannen rapporterer til DSB og Helsedirektoratet kvar veke. Slik situasjonen er i dag, rapporterer vi om at det ikkje er utfordringar knytt til drift av kritiske samfunnsfunksjonar. Vi minner om at det er viktig at aktørane i fylkesberedskapsrådet melder frå til Fylkesmannen viss dei ser at dei får utfordringar med å oppretthalde kritiske og viktige samfunnsfunksjonar.

Etter sommaren har oppfølging av TISK-strategien (testing, isolasjon, smittesporing og karantene) hatt særleg merksemd i vår oppfølging av kommunane. Rett etter sommaren var hovudmerksemda retta mot å få opp testkapasiteten, men utover hausten har det vorte meir merksemd på å syte for at det er tilstrekkelege ressursar til smittesporing.

Fylkesmannen har gjennom heile pandemien vore oppteken av å få til godt samarbeid mellom involverte aktørar. Vi har til dømes sett at det har vore eit godt samarbeid mellom kommunane, mellom kommunar og helseføretaka og mellom fylkesmannen og helseføretaka.

Hovudtrenden i fylket er at det er mest smitte i Bergen og nabokommunane, men det har òg vore nokre større utbrot i andre kommunar. Hyllestad og Etne har blitt hardt råka av større utbrot, særleg på bakgrunn av innbyggjartalet. Utbrotet i Hyllestad er elles eit godt døme på nokre av dei viktige utfordringane under pandemien med smitte knytt til gjestearbeidarar, små kommunar som vert råka av store utbrot og viktigheita av nabostøtte.

Den siste tida har det kome ein del innstramingar frå Regjeringa, mellom anna strengare innreisekontroll. Det førte til at Bergen kommune måtte opprette eit innreisekarantenehotell. I Bergensområdet har det elles vore godt samarbeid mellom kommunane for å få på plass ei mest mogleg likelydande smittevernforskrift.

3. Pandemisituasjonen sett frå spesialisthelsetenesta v/Arve Varden, Helse Førde

Spesialisthelsetenesta opplever at det har vore eit godt samarbeid med Fylkesmannen, kommunane og andre under handteringa av pandemien.

Helseføretaka arbeider med å sikre at dei har tilstrekkeleg tilgang på smittevernutstyr, medikament og medisinsk utstyr.

Personell er ein viktig faktor og helseføretaka er opptekne av å følgje opp det psykososiale arbeidsmiljøet og å vere medvitne på slitasje hjå medarbeidarar over tid.

Dei har elles innført strengare tilgang- og besøkskontroll på sjukehusa for å redusere risiko for smittespreiing.

Av dei tre helseføretaka er det Helse Bergen som har hatt flest innlagt. Per 20. november har Helse Bergen tretten innlagte, mens Helse Førde og Helse Fonna har ingen innlagte. Helseføretaka, og særleg Helse Bergen, er tydelege på at sjølv om det er eit auka smittepress, så er det trygt å oppsøke sjukehusa.

Helseføretaka klarer i stor grad å oppretthalde normal tenesteproduksjon, men ser at dei òg er sårbarer på bemanningssida fordi stort smittepress fører til at tilsette vert sett i isolasjon/karantene.

Helse Fonna har enda ikkje motteke analysemaskinen som skulle kome i vår/sommar, men har etablert gode logistikkordningar for sending av analysar til Helse Bergen.



Følgjande utfordingar vert trekt fram som aktuelle dersom smittetrykket i samfunnet aukar:

- Mange innleggingar på sjukehus
- Etablering av kohortar
- Stoppe elektiv behandling
- Streng prioritering
- Bruk av personellressursar - kontinuitetsplanlegging
- Tilgang til utanlandske vikarar – dagleg drift og pandemi
- Tilgang til smittevernutstyr, testutstyr og laboratoriekapasitet
- Fleire intensivpasientar
- Ressurskrevjande med omsyn til personell / utstyr / medikament

Avslutningsvis trekte Varden fram at det som er avgjerande for at vi kjem oss igjennom pandemien, er at vi syter for å ha god handhygiene, held avstand og vert heime ved symptom.

Helse Bergen v/Eivind Hansen supplerte med å seie at tiltaka som vert gjennomførte i kommunane er svært viktige og at det er viktig at alle støtter opp om både dei lokale og nasjonale tiltaka.

For utfyllende informasjon sjå vedlagt presentasjon.

4. Smitte- og sjukdomssituasjonen i Bergen per dags dato og framover v/Robert Rastad, Bergen kommune

Bergen kommune opplever at dei, saman med nabokommunane, har relativt god kontroll på driftskontinuiteten, sjølv om det sjølvsagt er eit stort og krevjande press på mange tilsette.

Kommunen har arbeidt med å auke opp og få ein stabil testkapasitet. Det er etablert faste teststasjonar på Spelhaugen og Festplassen, i tillegg til ved Flesland, legevakta og mobil eining. Slik situasjonen er i dag får dei som ønskjer å teste seg gjort det når det trengs. Det vert arbeidt med å få på plass ei backup-løysing gjennom ein mobil teststasjon som kan setjast opp på valfri stad.

Smittesporing er eit av dei store pressområda, og kommunen arbeider kontinuerleg med å gi opplæring til personell i eigen organisasjon, slik at dei kan bidra ved behov. Det er til vanleg fire-fem tilsette ved smittevernkontoret i kommunen, medan det no er 40-50 personar som jobbar med smitteoppsporing berre på dagvakt.

Statistikken viser at ein vesentleg del av smitteoverføringa skjer i heimen og med nærbondar. Sjølv om importsmitte er krevjande, er erfaringa likevel at det utgjer ein liten del av smittespreiinga i kommunen.

Dei siste smittetala viser at tiltaka har gjort at veksten i smittetal har stagnert. Det er no eit glidande gjennomsnitt på 70 smitta dei siste 10 dagane, og eit R-tal som nærmar seg éin. Tal kommunen har fått frå Helse Bergen viser at viss ein ønskjer at ein skal ha ein tilnærma smittefri jul så må ein få redusert ratalet til 0,6.

Kommunen driftar i dag to hotell, eit innreisekarantenehotell og eit isolasjonshotell. I tillegg er det eit isolasjonshotell i back-up. Det har vore på grensa til at det har vore nødvendig å ta det i bruk. Hotella har bidrege som avlastningsressurs for andre kommunar i fylket når det har vore kapasitet.

Bergen kommune held på å etablere eit apparat som vil ta seg av koronavaksinasjon så fort vaksinen er klar.



Sjølv om kommunen har ein god driftskontinuitet i tenestene, er det krevjande at det er forventa at kommunen skal kunne yte dei same tenestene som i ein normalsituasjon. Det fører til eit stort press på til dømes lærarar som må utføre jobben under svært krevjande forhold.

Bergen kommune innførte ei ny lokalt smittevernforskrift 6. november (går ut mandag 23. november). Den vert truleg forlenga, men det skal gjerast ei særskilt vurdering av tiltaka. Den endelege avklaringa av forma på forskrifter vil ikkje vere ferdig før på mandag.

Kommunen har fått mykje merksemrd i media dei siste dagane, og opplever at det i hovudsak handlar om kva dei ikkje fekk grunngjeve ved innføringa av forskriften 6. november. Rastad understrekar at forskriften vart hasteinnført som følgje av den klare oppmodinga frå helse- og omsorgsministeren. Det gjorde at det ikkje var tid til ønskt skriftleggjering av vurderingane, men det var gjort grundige vurderingar av kvart tiltak. Skriftleggjering er noko kommunen legg stor vekt på i prosessen med eventuell vidareføring av forskriften.

Samstundes opplever kommunen det som krevjande at statlege instansar i liten grad skrifteleggjer dei konkrete føringane og forventningane som vert lagt fram i møter. Det er innspeil som i mange høve spelar ei viktig rolle i og som såleis hadde vore nytige å kunne legge ved saksgrunnlaget til vedtak. Kommunen saknar òg ei tydelegare støtte i media når dei følgjer opp forventningane til staten.

Lars Sponheim understrekar at Fylkesmann ved slike vedtak kan få ei rolle knytt til gjennomføring av lovlegkontroll og at det legg bindingar på kva Fylkesmannen kan uttale seg om. Fylkesmannen kunne ha gjennomført ein lovlegkontroll på eige initiativ, men valde å ikkje gjere det. Fylkesmannen tek elles innspeila frå kommunen til etterretning.

5. Politiet si oppfølging av brot på smittevernlova v/Kjetil Øyri, Vest politidistrikt

Vest politidistrikt melder om god operativ evne. Tilsette som må i isolasjon eller karantene er ei utfordring, men per i dag har dei dette under god kontroll.

Politiet har fått ei tydeleg føring frå nasjonale styresmaktar om å prioritere handheving av smittevernreglane og såleis i større grad bidra til å hindre smittespreiing. Dei har tidlegare bidrige, men har venta på klarare føringar knytt til oppfølging av lokale vedtak.

Som følgje av klarare føringar frå nasjonalt nivå/Politidirektoratet og større grad av samordning av lokale tiltak i regionane og kontakt med politiet ved utforming av forskriftene, vil politiet no auke aktiviteten og følgje opp med reaksjonar ved brot på dei lokale forskriftene.

Som følgje av dei nye føringane ventar Vest politidistrikt at det vil kome fleire reaksjonar og straffesaker på dette området. Førre helg vert det til dømes oppretta fleire saker som igjen har resultert i fleire førelegg. For å vere budd på dette er det utarbeidt eit lokalt påtaledirektiv.

Det er samstundes viktig å vere bevisst på at det òg er eit kapasitetsomsyn ved prioritering av oppdrag. Oppdrag knytt til akutt liv og helse vil til dømes bli prioritert framfor brot på gjeldande smittevernreglement.



6. Sårbarheit i kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar som følgje av smitte- og sjukdomssituasjonen

BKK v/Kjetil Tømmernes (på vegne av KDS-funksjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane)

Målet er å levere så normal drift som mogleg. For å klare det vert det prioritert å beskytte driftskritisk personell. Det vart innført fleire smitteverntiltak 11. mars og dei er framleis gjeldande. Tiltaka omfattar mellom anna at montørar og andre er organisert i faste lag (kohortar), eigne inngangar og eigne arbeidsstasjonar. Dette er for å avgrense potensiell smittespreiing internt.

NVE har på ein god måte sikra samordning mellom KDS-områda. Det vert òg arbeidt med å få driftskritisk personell inn på lista over samfunnskritisk personell, med tanke på mellom anna prioritering av vaksinar når dei vert tilgjengelege.

Vi går over i ein periode med meir ustabilt vær. Det vil da vere viktig å syte for å få med seg heile risikobilete personellet vert utsett for, og ikkje berre pandemien som har hatt særleg merksemd sidan mars.

Statens vegvesen v/Tone Oppedal

Det har ikkje vore smitteutbrot som har hatt konsekvensar for drift av vegnettet. Når det gjeld ferjedrift har det vore smitteutbrot som har ført til noko redusert kapasitet, men ikkje store utfordringar der heller. Ferjer er meir krevjande enn veg, ettersom store forskjellar på ferjene gjer det komplisert å flytte personell frå eitt samband til eit anna .

Vegtrafikksentralen har etter erfaringar med tilsette i karantene innført strenge rutinar for å oppretthalde drifta.

Bergen brannvesen v/Leif Linde

Innan brannberedskapen er situasjonen god både i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland.

Telenor v/ Frode Nyhammer

Telenor har strenge restriksjonar for å ivareta drifta. Det same har underleverandørane som utfører feilretting. Nyhammer peiker elles på at vi står overfor ein tid med meir uvêr, men seier at selskapet er godt rusta til å handtere det.

Avinor v/Øystein Skaar

Avinor har god kontroll og det er lite smitte på Flesland lufthamn. Dei vernar særleg om kritiske grupper som brannmannskap, sidan dei er krevjande å erstatte.

Redningsselskapet v/Ståle Eikeland

RS har ressursar rundt om i fylket som kan nyttast ved behov, til dømes til transport av personell. Hovudredningssentralen har fullstendig oversikt over desse og kan kontaktast ved behov.

7. Situasjonen i næringslivet v/ Ann-Kristin Kristoffersen, NHO

NHO har gjennomført ei undersøking hjå sine medlemsverksemder. Den viser at krisa er ikkje over, og at for næringslivet vil effektane og konsekvensane av pandemien vare utover vaksineringsperioden. Dei overordna funna i undersøkinga er at talet koronarelaterte oppseiingar (både gjennomførte og varsla) aukar i verksemdene i Vestland, og at fleire òg melder om konkursfrykt og likviditetsproblem. Sjølv om det er ein krevjande situasjon, er vi ikkje tilbake på nivået frå mars og april.



Trendane gjennom månadene september, oktober og inn i november er:

- 14 % av verksemndene har gjennomført oppseiingar (auke på 2 %).
- På landsbasis er tala for planlagde oppseiingar 19 % (auke på 1 %). I Vestland er det 18 % som planlegg oppseiingar, medan 12 % per utgangen av oktober har gjennomført oppseiingar. I reiselivsbransjen er talet 36 %.
- 14 % svarer det er ein reell risiko for konkurs (svak auke frå september). Omtrent kvart tredje reiselivsverksemd har pengeproblem og fryktar konkurs.
- I Vestland har NHO sine medlemsverksemder dei siste fire vekene eit fall i omsetjinga på 20%. Daglegvare er einaste bransje som melder om sterkt auke.
- 47% av verksemndene i Vestland svarer at dei har lågare ordreinngang i oktober enn månaden før.

Per 4. november er det framleis lærlingar som er permittert (39 stykk). Talet på permitterte lærlingar er på veg ned. NHO ser at situasjonen med formidling av lærlingar til verksemder går betre enn frykta tidelegare i år. På det meste var dei oppe i 200 permitterte lærlingar. Per oktober 2020 er det inngått 2800 lærekontraktar, mot 3100 på same tid i fjor.

Nav v/Anne Kverneland Bogsnes

Frå i sommar har talet ledige gått sakte nedover. Etter innføringa av nye tiltak har den på nytt har gått opp. Dei venter ein vidare auke, men er usikker på kor stor. Nav er uroa for utviklinga, særleg med tanke på reiseliv, hotell og serviceyrka. Samstundes ser dei at det er store variasjonar i fylket og mellom næringar.

Nav er i dialog med aktørar med kritiske samfunnsfunksjonar om korleis dei kan hjelpe til i arbeidet med rekruttering av personell.

8. Eventuelt

Sivilforsvaret informerer om at dei vurderer evna til å bidra som nasjonal forsterkningsressurs som god.